

Meland lokallag av NFU  
V/ Bjørn G. Knudsen  
Myrtveitvegen 39  
5918 Frekhaug

Meland Kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

## Høyrings uttale vedk. Intensjonsavtale Nordhordland kommune.

### **Uttale frå Meland lokallag av NFU.**

Kort om laget;

Meland lokallag av NFU vart stifta i juni 1975 og er tilslutta Norsk Forbund for Utviklingshemma. NFU er ein interesseorganisasjon for utviklingshemma, deira pårørande og andre interesserte. Vårt verdigrunnlag er tufta på rettstryggleik, likeverd og inkludering.

NFU var ein sentral medspelar og pådrivar for reforma for utviklingshemma. Reforma sin intensjon var normalisering og integrering.

### **Kommentarar til Intensjonsavtalen:**

NFU er glad for at ingen skular skal leggast ned. Det som det ikkje står noko om er at skulane i vårt område (Dagens Meland) framleis skal vera ein skule for alle og ikkje ha eigne spesialklassar på ein eller fleire skular.

Meland kommune har hittil vore ein kommune som har ein skule for alle og det meiner lokallaget er heilt grunnleggjande i eit samfunn for alle.

NFU er også godt nøgd med at tenestene skal vera nær brukarane. For oss er det sjølvsagt at ein då meiner at personar med særlege behov skal ha naudsynt dagleg teneste i sitt nære miljø og ikkje samlast i grupper i andre områder.

Meland kommune har vore ein føregongskommune med omsyn til å leggja til rette for det einskilde individet og har ikkje lagt til grunn gruppetenking. Slik Meland kommune har arbeidd er dette heilt i tråd med intensjonane til stortinget når dei vedtok reforma.

Meland lokallag av NFU ber om at Meland kommunestyre tek omsyn til sitt eige verdigrunnlag, Eit samfunn for alle, og presiserer kva det tyder dersom Meland kommune vert ein del av ein større kommune.

Helsing

Meland lokallag av NFU

V/ Bjørn G. Knudsen  
Leiar